



Radøy kommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dykkar ref.
27.10.2014	Lin Tove Thomassen	14/1734 - 12	

Høyring - Forslag til endringar i vallova og valforskrifta

Valstyret har i sak 03/14 vedteke å senda vedlagte høyringsutale i samband med forslag til endringar i vallova og valforskrifta.

Med helsing
Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Andre mottakarar:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2014	Valstyret	PS	14.10.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lin Tove Thomassen	14/1734	14/8183

Høyring - Forslag til endringar i vallova og valforskrifta

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune sluttar seg til departementet sine forslag til lovendringar i vallova og valforskrifta, samt forslag om å standardisere utforminga av stemmesetlar.

Valkorta bør sendast til postadressa til veljarane, ikkje til folkeregisteradressa. Elektroniske valkort kan med fordel nyttast i vallokale med elektronisk manntal dersom handskannere handterer strekkodar på smarttelefonane.

Ei tidsriktig løysing for å redusere tal stemmesetlar som ikkje vert godkjend fordi dei kjem for seint fram til valstyret er å tilby elektronisk førehandsrøysting både i kontrollerte og ukontrollerte omgjevnader.

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt ut høyringsbrev, datert 03.07.14 med forslag til endringar i vallova og valforskrifta m.m. Frist for innsending av uttale er 31. oktober 2014. Evaluering av valet i 2013 er også gjennomgått i notatet.

Høyringsnotatet kan du lese på nettsida til departementet:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2014/Horing---Forslag-enderinger-i-valgloven-og-valgforskriften/Horingsnotat.html?id=765048>

Kort om evalueringa av valet 2013

Departementet viser til Stortingets fullmaktskomité som gjev innstilling til Stortinget om godkjenning av valet. Fullmaktskomiteen sitt heilheitsinntrykk er at valet er gjennomført på ein god og effektiv måte i kommunane, og at fylkesvalstyra har utført en grundig kontroll med valstyra i kommunane.

Departementet har som eit prinsipielt utgangspunkt at det ikkje bør gjennomførast system- og regelendringar utan at det er klare behov og gode grunnar for dette. Dette vert begrunna med at eit val krev eit omfattande apparat i kvar einskild kommune med mange detaljerte rutinar som alle valfunksjonærar må setje seg inn i, samtidig som val vert gjennomført annakvart år og ikkje er ei

rutineoppgåve.

Evalueringa omhandlar i det vesentlege informasjon til veljarane, universell utforming, standard utforming av stemmesetlar, bruk og vidareutvikling av valadministrativt system, arbeids- og ansvarsfordeling mellom departement, fylkeskommune og kommune, samt rekruttering av valfunksjonærar.

I evalueringa er det også ei kort omtale av e-valsforsøket. Departementet viser til at det er stor politisk usemje om forsøket. Departementet meiner at forsøkene har gjeve nyttig informasjon og erfaringer, men ønskjer ikkje å videreføre det.

Til slutt i evalueringa vert forsøk med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen omtala. Radøy har takka ja til invitasjonen og vil vere ein av forsøkskommunane også i 2015.

Departementet sine forslag til endringar i vallova, valforskrifta m.m.

Departementet fremjar følgjande forslag til lovendringar:

- Departementet overtek ansvar for produksjon og utsending av valkort. Tidlegare har dette ansvaret lagt på valstyret.
- Endringar i stemmekrinsar skal rapporterast til Kartverket mot tidlegere folkeregistermyndigheita.
- Departementet ønskjer å standardisere utforminga av stemmesetlar.

Departementet tek også opp problemstillinga om seint innkomne førehandsstemmer utan å føreslå konkrete lovendringar, men ønskjer tilbakemeldingar på dette.

Vurdering:

KMD sine forslag til endringar i lov og forskrift, samt standardisering av stemmesetlar verkar fornuftig.

Slik rådmannen ser det er det positivt at departementet overtek ansvaret for produksjon og utsending av valkort. Informasjon om valet som står på valkorta vil vere kvalitetssikra av departementet og felles for alle kommunane. Det vil framleis vere valstyre sitt ansvar å sikre korrekt adresse til valstyre, røystekrinsane og liknande.

For å unngå retur av for mange valkort, bør departementet sende valkorta til postadressa og ikkje folkeregisteradressa. I vurderinga var det også eit forslag om utsending av valkort elektronisk. Veljarane har gjerne med seg sin e-postkasse på smarttelefonen. Dersom handskannar handterer slike valkort vil elektronisk valkort vere ein godt alternativ til papir i eit vallokale med eit online manntal.

Førehandsrøystene må være valgstyret i hende innan valdagen kl. 21.00 for å bli godkjend. Frist for å avgje ei førehandsrøyst innanlands er siste fredag før valet. Stortinget har uttalt under valet i 2013 at tal stemmesetlar som ikkje kom fram til valstyret i tide var uakseptabel høg.

Så lenge stemmesetlar skal gå på papir til valstyra i kommunane vil det vere stemmer som ikkje kjem fram i tide. Posten ønskjer å digitalisere mest mogleg og redusere tal dagar for utkøyring av post.

Målsetjinga for departementet er å digitalisere kommunane, men unntaket ser ut til å vere ved valgjennomføringa. Her rådar departementet til at kommunane skal lage plan for sending av konvoluttane for å gjere det som er mogleg for at dei skal kome fram i tide.

Kommunal- og moderniseringsministeren sendte i vår ut ei pressemelding om at stortinget seier nei til fleire forsøk med e-val. Årsaka til dette var at det ikkje var stor nok politisk støtte til forsøket. Evalueringsrapportar etter forsøka viser at innbyggjarane var nøgd med tilbodet og at forsøka var vellukka. Rapport frå Cartersenteret fortel mellom anna at e-val sannsynlegvis vil auke globalt i framtida. Det vil liggje ei forventning frå veljarane om at dette skal vere mogleg, når ein ser på korleis internett og dei mobile tenestene utviklar seg.

Radøy var e-vals kommune og vår oppfatning er at avsluttinga av forsøket er eit teknologisk tilbakesteg. Radøy hadde ingen stemmesetlar som vart levert etter kl. 21 på valdagen. Ei tidsriktig løysing for å redusere tal på stemmesetlar som kjem for seint er å tilby elektronisk førehandsrøysting både i kontrollerte og ukontrollerte omgjevnader.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget om å endra ansvaret for produksjon og utsending av valkort vil få økonomiske konsekvensar, både for kommunane og departementet. Departementet foreslår at kostnadene ved produksjon og utsending av valkort vert dekkja inn i rammetilskotet til kommunane over to år.

Departementets krav om standardisering av stemmesedler vil få lite økonomiske konsekvensar for små og mellomstore kommunar.

Valstyret - 003/2014

VAL - handsaming:

Valstyret vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

VAL - vedtak:

Radøy formannskap sender følgjande høringsuttale til endringar i vallova og valforskrifta:

Radøy kommune sluttar seg til departementet sine forslag til lovendringar i vallova og valforskrifta, samt forslag om å standardisere utforminga av stemmesetlar.

Valkorta bør sendast til postadressa til veljarane, ikkje til folkeregisteradressa. Elektroniske valkort kan med fordel nyttast i vallokale med elektronisk manntal dersom handskannere handterer strekkodar på smarttelefonane.

Ei tidsriktig løysing for å redusere tal stemmesetlar som ikkje vert godkjend fordi dei kjem for seint fram til valstyret er å tilby elektronisk førehandsrøysting både i kontrollerte og ukontrollerte omgjevnader.